

Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: 18.11.2016
Vår ref.: 200701775-101
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Randi Holme
22 95 95 18/99 21 51 22/rho@nve.no

Oversending av revisjonsrapport og varsel om vedtak om retting, Statkraft Energi AS – Vikfalli kraftanlegg, Vik kommune

Vi viser til revisjon av Statkraft Energi AS, Vikfalli kraftanlegg og oversender rapport frå revisjonen som vart gjennomført 8. og 9. november 2016. Revisjonen var varsla i brev datert 4.10.2016.

Under revisjonen vart det registrert eitt avvik og gitt to merknader. Revisjonsrapporten skildrar dei avvik og merknader som vart avdekket. Dokumentasjon at avvik er lukka skal sendast til NVE innan fristen som er sett.

NVE varslar om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting dersom avviket ikke er lukka innan den fristen.

Frist for å uttale seg i saka er sett til 12.12.2016. Vi oppmodar særleg om at faktiske opplysningar som gjeld saka vert korrigert eller supplert. Dersom uttale ikke er kome til NVE innan fristen 12.12.2016, vil NVE legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

Dersom ikkje NVE mottok kommentarar innan fristen er denne revisjonsrapporten endeleg.

Med hilsen

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Kopi: Statkraft Energi AS v/Geir Orrestad
Statkraft Energi AS v/Trine Hess Elgersma

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Statkraft Energi AS
Revisjonsdato:	8. – 9. november 2016
Stad:	Hove kraftverk, Vik
Medverkende frå revidert eining:	Kraftverkssjef Geir Orrestad Regional miljørådgivar Trine Hess Elgersma Vedlikehaldsleiar Stein Frode Tryti Stadfortredande vedlikehaldsleiar Geir Årestrup
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar Randi Holme Medrevisor Katarina Eftevand
Seksjon	Seksjonssjef Øyvind Leirset, TBM

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljømessige tiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement og minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa natur- og miljømessig standard er nærare omtalt i NVE sin rettleiar nr. 2/2005 Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg og faktaarka «God praksis» som er å finne på NVE sine heimesider.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgende:

- Vassdragsreguleringslova
- Forskrift av 28.10.2011 nr. 1058 om internkontroll etter vassdragslovgevinga (Ik-vassdrag)
- Løyve til regulering av Arnafjordvassdraget datert 27. juni 1969
- Vedtak, godkjenningar og pålegg med heimel i løyve til regulering av Arnafjordvassdraget datert 27. juni 1969
- Tilsendt dokumentasjon og dokumentasjon som vart lagt fram under revisjonen

1.3 Tema for revisjonen

Føremålet med revisjonen er å få dokumentert at verksemda oppfyller krav nedfelt i revisjonsgrunnlaget som nemd ovanfor, og i eventuelle påfølgjande pålegg og vedtak.

Revisjonen hadde følgjande hovudtema:

- Kartlegging av fare og problemområde, jamfør Ik-vassdrag § 5-6, særleg knytt til erosjon, massetransport, sedimentering, kapasitet i flaumløp, gjenngroing i regulerte vassdrag m.m.
- Kunnskap og ferdigheiter jamfør Ik-vassdrag § 5-3

1.4 Funn

Eitt avvik

To merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og andre lover NVE forvaltar.

Merknad er: Påpeiking av forhold med moglegheit for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført ved Hove kraftverk i Vik. Revisjonen omfatta anleggsinspeksjon og gjennomgang av internkontrollsystemet med særskild fokus på kartlegging av farer og problemområde og kunnskap og kompetanse jamfør Ik-vassdrag §§ 5-6 og 5-3. Det vart gjennomført tre samtalar; ein med kraftverkssjef, ein med regional miljørådgivar og ein med vedlikehaldsleiar og stadfortredande vedlikehaldsleiar som og gjennomfører tilsyn ved anlegget.

Deltakarane frå Statkraft Energi AS gav god og konstruktiv informasjon om system og rutinar som er etablerte for drift og vedlikehald av anlegget. Statkraft Energi AS presenterte blant anna system og rutinar for gjennomføring og dokumentasjon av tilsyn. Det er etablert eit system der tilsyn vert dokumentert gjennom foto og tilstandsvurdering av anlegget. NVE vart informert om at gjennom dette systemet er det dei siste åra bygd opp ein vesentleg fotodokumentasjon av status og tilstand ved anlegget. Etter NVE si vurdering vil dette vere eit nyttig verktøy for å vurdere innslagspunktet for gjennomføring av tiltak, og særskilt for å vurdere endring og utvikling i vassdraga med tanke på opphoping av massar.

Kartlegging av farer og problemområde for Vikfalli kraftanlegg er dokumentert gjennom kartlegging av miljøpåvirkning og miljørisiko. Revisjonen viste likevel at skriftleg risikovurdering ikkje er god nok. Ei skriftleg risikovurdering saman med ei forbetring av systemet for tilstandsvurderinga vil forbetre både internkontrollsystemet og verksemda si oppfølging av anlegget i drifts- og vedlikehaldsfasen.

Det er gjennomført kartlegging av kompetanse i verksemda og det er etablert system for gjennomføring av interne kurs som omfattar ulike miljøaspekt og Ik-vassdrag. Det vart lagt fram skriftleg dokumentasjon på dette.

Under inspeksjonen i Hopra og Daleelvi vart NVE orientert om tiltak som er gjennomførte for å ta hand om massar i vassdraga. NVE fekk dessutan eit godt innblikk i konkrete vurderingar knytt til masseopp hoping.

2 Skildring av avvik

Avvik 1	
Krav	<i>IK-vass § 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i>
Avvik	Det kan ikkje leggest fram tilstrekkeleg skriftleg risikovurdering av kartlagde farer og problemområde for Vikfalli kraftanlegg.
Dokumentasjon	Det er gjennomført skriftleg kartlegging av farer og problemområde, men det er ikkje gjort ei skriftleg vurdering av risiko knytt til miljø og landskap.
Korleis lukke	Verksemda skal gjennomføre ein skriftleg risikokartlegging for miljø og landskap ved Vikfalli kraftanlegg. Til dømes kva risiko utgjør masseoppheving i Hopra/Vikja for miljø og landskap, tørrlegging av vassdraga, oljeutslipp magasin Målset, utslipp frå jordbruk.
Frist for lukking	1.04.2017

3 Skildring av merknader

Nr.	Beskrivelse av anmerkning
1	<p><i>IK- vassdrag § 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene.</i></p> <p><u>Merknad:</u> Systemet med vurdering av tilstand (1-4) på tilsynsobjekt er noko svakt. Det er ikkje gjennomført tilstrekkeleg skriftleg risikovurdering og dette kan føre til at det vert sett feil tilstandskarakter. Døme: masseoppheving i Hopra.</p>
2	<p><i>IK-vassdrag § 5-9: Den ansvarlige skal foreta systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt, for eksempel gjennom interne revisjoner.</i></p> <p><u>Merknad:</u> Prosedyre P 41/507 som var lagt fram under revisjonen er ikkje revidert årleg som forutsett i pkt. 9 i prosedyren.</p>